

**Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo**

Høyringsuttale – framlegg til endring av friskulelova

Viser til skriv av 10.10.06.

I Soria Moria erklæringa ga den sitjande regjeringa klart uttrykk for at ho ville ta vare på småskulane i distrikta.

Framlegget til endring av Lova om private skular med rett til statstilskot, er vi svært usamde i. Vi ber difor om at delar av dette endringsframlegget vert gjort om eller trekt attende.

Kvifor må lovframlegget endrast?

1. Over heile landet skjer det ei sterk sentralisering av skulestrukturen. Når det offentlege spring frå ansvaret sitt, må det ikkje stikkast kjeppar i hjula når grenda og innbyggjarane tek ansvar og opprettar private alternativ.
2. Bygda Bjørkedalen ligg i utkanten av Volda kommune. Då den kommunale skulen vart lagt ned, skipa folket i bygda (+ støtte-medlemar i inn- og utland) ei foreining som starta opp skule frå hausten 2004. Alternativet var at elevane vart sende med buss til Folkestad, over 2 mil kvar veg. Fleire av elevane måtte stå langs den trafikkfarlege E39 med 80 km grense. I staden for at elevane skal bruke så mykje tid i buss kvar dag, synest foreldra denne tida kan nyttast til læring. Dette er situasjonen også for mange av dei andre småskulane som denne lova vil ramme. Skulen er ein velfungerande todelt skule i drift på 3. året. Skulen har i dag 18 elevar frå 1.-7. årstrinn. Fyrste året var elevtalet 16, og komande år vert det 21 elevar ved skulen. Bygda har fått tilflytting utanfrå nettopp grunna skulen. Eit trygt og oversiktleg miljø gjer at alle elevane finn seg vel til rette.
3. Framlegget til endring av friskulelova gjer nok ein gong framtida til skulen og bygda utrygg. Skal yngre familiar etablere seg i bygda, må dei vere trygge på at dei slepp å sende borna sine lange vegar kvar dag.
4. Tenk på eit tal – talet er 20. Delingstalet for udelt eller todelt skule er 12. Skilnaden mellom desse to måtane å drive skule på er stor. Om ein skal ha ei grense, ville 12 vere eit langt meir naturleg tal. Vi kan ikkje sjå kvifor talet 20 er valt. Så lenge skulen er todelt, er det fullt ut mogeleg å gje eit fullverdig opplæringstilbod. Økonomien i drifta av ein privatskule gjev klare rammer for kor lågt elevtal ein kan ha. Etter vårt syn er det såleis eigentleg ikkje trong for å setje ei nedre grense.

5. Vi vil tilbakevise påstanden som departementet kjem med i sitt høyringsnotat, der det vert hevda at friskulelova vil friste kommunane til å leggje ned grendaskular. Vi har enno til gode å høyre om ein einaste kommune som har lagt ned ein skule for at den skulle privatiserast. Friskulelova har heller motsett effekt. Den har bremsa sentraliseringstakta, for då vert den økonomiske verknaden ved sentraliseringa minimal og ofte lik null.
6. Ei av næringane det skal satsast på i åra som kjem, er turisme. Ein føresetnad er det då at ein har levande bygder og distrikt med lokal kultur og tradisjon som kan gje turistane den opplevinga dei er ute etter. Lokal kultur og tradisjon er også eit satsingsområde for norsk skule. Kven skal ta vare på denne kulturen om den ikkje vert formidla vidare til dei unge i skulen? Bjørkedal Nærskule har gjennom fleire prosjekt vist at den lokale kulturen i bygda vert nytta som ressurs for skulen. Det kan kort nemnast at elevane har hatt eit prosjekt med å samle informasjon om setrane i bygda og slå denne opp på informasjonstavler på setrane. På denne måten gjer vi den tilgjengeleg for alle som vitjar setrane og framtidige generasjonar. Skulen har saman med ein lokal båtbyggjar vore med og bygt sin eigen båt som vi har liggjande til bruk i vatnet. I tillegg har vi saman med fleire frå bygda laga ei eiga grindløde etter gamal byggeskikk med stavar og trenaglar. Denne står no plassert på ein base som vi nyttar til uteskule ein dag i veka.
7. Den sosiale treninga ved små skular vert for dårleg, vert det hevda. Dette er ei sak med fleire sider. På ein skule med få elevar er det ikkje rom for at elevane skal gå rundt å vere uvener i lengre tid. Elevane må rydde opp når dei er usamde og kranglar. På ein stor skule kan du berre velje vekk den du er i konflikt med. Der er det nok av andre jamnaldingar som du kan vere ven med. Det er vanskeleg å hevde at å rydde opp i ei konflikt og verte vener etterpå, er noko dårlegare sosial trening enn det å berre bryte eit venskap.

Mange av arrangementa som skulen står for, er opne for heile bygda. Dette gjev elevane sosial trening ut over det som skulen til vanleg gjev. Det brukar å vere stor oppslutnad om desse tilstellingane. Sjølv sagt er det det skulefaglege vi skal ha fokus på, men det kan ikkje skade om ein tenkjer på korleis ein skal få eit heilt samfunn til å fungere best mogeleg. Sektortenkninga har vore øydeleggjande for mange distrikt i landet vårt.

Framlegg til endring

Paragraf 2.1 omhandlar godkjenning av skular. Vi vil oppmode om at dette punktet får eit tillegg, punkt g, der ein opnar for å drive skule i utkant-Noreg grunna manglande offentleg skuledrift.

Paragraf 2.2. omhandlar krava til verksemda i skulen, og den seier at skulen ikkje kan drive anna verksemd enn skule i samsvar med denne lova. Det må vere rom for at ein i distrikts-Noreg har høve il drive t.d. skule og barnehage i samdrift. Denne paragrafen bør difor endrast slik at det t.d. kan etablerast oppvekstsenter rundt om i distrikta.

Vidare bør siste leddet som gjeld minimumstal for elevar, strykast.

Det synest som om departementet har leita med lys og lykter etter negative sider ved ein grendaskule, men har vore tilsvarande avslappa i leitinga etter dei positive sidene. Våre erfaringar er svært positive.

Departementet har tydelegvis sett til Sverige, og det er velkjent at dei er komne lenger med avfolkninga av distrikta. Er det dette de ynskjer å oppnå, er de på rett veg. Vil de derimot at regjeringa skal verte trudde på si satsinga på lokal kultur og tradisjon og levande distrikt, er de på ville vegar.

Vonar synspunkta våre vert vektlagde, og at friskulelova vert endra slik at den ikkje rammar småskulane i distrikta. I utgangspunktet var det vel heller ikkje det som var intensjonen med denne lova.

Med helsing
Bjørkedal Nærskule

Ottar Bjørkedal
styreleiar

Karl Anders Helset
rektor